
Saksnr: 2021/27679-1
Saksbehandlar: Pål Andre Kleive

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		22.09.2021
Fylkestinget		29.09.2021

Godkjenning av prosjektrekneskap

Forslag til vedtak

Rekneskapen for prosjektet Bussanlegg Sunnhordland vert godkjend.

Samandrag

For prosjektet Bussanlegg Sunnhordland er det eit mindreforbruk på kr 1 433 809 eller 1,4 %. Kostnadsramma for prosjektet var 100 mill. kr.

Prosjektet galdt bussanlegg på Stord og Bømlo der bussanlegget på Stord har kapasitet til 34 bussar. Verkstaden på Stord har kapasitet til ein god del fleire bussar, då verkstaden også skal nyttast av bussane på Bømlo og Sveio.

Fylkeskommunedirektøren tilrår at prosjektrekneskapen vert godkjent og viser til at ein går gjennom prosjektporteføljen med sikte på å avslutte prosjekt som er overtekne for meir enn to år sidan.

Rune Haugsdal
fylkeskommunedirektør

Ingrid Kristine Holm Svendsen
avdelingsdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Rekneskapsavslutting Bussanlegg Sunnhordland
- 2 Rekneskapsavslutting Bussanlegg Sunnhordland
- 3 Revisors beretning Bussanlegg Sunnhordland
- 4 Uttale kontrollutvalet Bussanlegg Sunnhordland

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkestinget i Vestland fylkeskommune vedtok slik godkjenningsordning for prosjektrekneskap i møte 29.09.2020:

- 1 Fylkestinget godkjenner at for investeringsprosjekt med budsjett ved byggjstart på over 75 mill. kr skal det leggjast fram prosjektrekneskap for godkjenning i det politiske organet som har godkjent budsjettet.
- 2 Fylkestinget godkjenner at for investeringsprosjekt med budsjett ved byggjstart på over 50 mill. kr og der rekneskapen har avvik på meir enn 10 % samanlikna med budsjett ved byggjstart, skal det leggjast fram prosjektrekneskap for godkjenning i det politiske organet som har godkjent budsjettet.
- 3 Fylkestinget godkjenner at for investeringsprosjekt med lågare budsjettsummar vert prosjektrekneskapa innarbeidde i årsrapporten.
- 4 Fylkesrådmannen utarbeider retningsliner for ordninga.
- 5 Prosjektrekneskap vert lagt fram for revisor og kontrollutvalet før endeleg politisk behandling.

Prosjektrekneskapen vart handsama i kontrollutvalet 14.06.2021. Uttale frå kontrollutvalet for prosjektet er vedlagt saka, og er også vist til i teksten under.

Sekretariatet har motteke revisjonsuttale frå Deloitte på den avslutta prosjektrekneskapen:

Prosjekt nr. 00010 - bussanlegg Sunnhordland.

Deloitte har stadfesta at prosjektrekneskapet gjev eit rettvisande bilete av prosjektet, og at det er i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk. Ei oversikt over prosjektet er sett opp under.

Prosjektrekneskap

Prosjektnr	Eining	Prosjektføremål	Løyving	Rekneskap	Avvik	Avvik %
00010	Bussanlegg Sunnhordland	Utbygging bussanlegg	kr 100 000 000	kr 98 566 191	kr 1 433 809	1,4 %

For prosjektet - bussanlegg Sunnhordland som oversikta syner, er det eit mindreforbruk på kr 1 433 809 eller 1,4 %. Sjølv om prosjektet har avvik, går prosjektet om lag i balanse i høve revidert budsjett.

Prosjektet inkluderer bussanlegg på Stord og Bømlo der bussanlegget på Stord har kapasitet til 34 bussar. Verkstaden på Stord har kapasitet til ein god del fleire bussar, då verkstaden også skal nyttast av bussane på Bømlo og Sveio. I tillegg har verkstaden kapasitet for seinare auka behov. Tomta har ikkje plass til meir enn 34 oppstillingsplassar for bussar og det vart difor i avslutning av prosjektet kjøpt eit tilleggsareal som gjer det mogleg å utvide antall oppstillingsplassar i framtida. Dette tilleggsarealet vart kjøpt innanfor prosjektets budsjett, utan tilleggsloyvingar.

Kontrollutvalet

Prosjekt 00010 - Bussanlegg Sunnhordland viser eit mindreforbruk i høve kostnadsramme ved byggjstart på kr. 1 433 809 (1,45 %). I samband med naboprottest i 2015 har sekretariatet merka seg at utomhusplan vart endre slik at det ikkje vart mogleg å oppnå så mange bussoppstillingsplassar som først tiltenkt. Dette vart løyst ved at fylkeskommunen i avslutning av prosjektet erverva eit tilleggsareal til meir bussoppstillingsplassar og at dette vart gjort innanfor vedteke budsjett. Sekretariatet har også merka seg at det har gått 4 år sidan bussanlegga i Sunnhordland vart teke i bruk og til denne prosjektrekneskapen ligg føre. På bakgrunn av det som går fram over kan det vera grunn til å spørja om det er tilfredsstillande at det har teke 4 år sidan bussanlegga vart teke i bruk og fram til prosjektrekneskapen ligg føre til politisk handsaming.

Kontrollutvalet 14.06.2021 - sak PS 44/21 - vedtok følgjande framlegg til uttale samrøystes:

1. Kontrollutvalet viser til konklusjon frå Deloitte, der det går fram at prosjektrekneskapen i det alt vesentlege er utarbeidd i samsvar med grunnlaget for rekneskapsavlegginga.
2. Utvalet har merka seg at det har teke 4 år sidan bussanlegga i Sunnhordland vart teke i bruk og fram til prosjektrekneskapen ligg føre til politisk handsaming.
3. Kontrollutvalet oppmoder fylkesrådmannen å vurdere om rutinane på dette området er gode og dekkande nok.
4. Utvalet ber på nytt Deloitte om å levere revisjonsmeldingar på nynorsk, som er Vestland fylkeskommune sitt administrasjonsspråk.

Avslutning av rekneskapen

Fylkeskommunedirektøren tilrår at prosjektrekneskapen vert godkjend.

Det har vore uklare arbeidsrutinar og organisering ei tid tilbake og dette har medført at nokre prosjekt ikkje har vore fanga opp i rett tid for å avslutte dei. Rutinane for å avslutte prosjekt er endra slik at prosjekt no vert avslutta innan to år etter overtaking. Ein går no gjennom prosjektporteføljjen med sikte på å avslutte prosjekt som er overtekne for meir enn to år sidan.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ingen verknad

Klima: Ingen verknad

Folkehelse: Ingen verknad

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024: Ingen verknad